



Statens vegvesen

Notat

Til: Helge Gilberg
Fra: Planseksjonen
Kopi:

Saksbehandler/telefon:
Ingrid Lekve / 90080674
Vår dato: 21.10.2019
Vår referanse: 19/106416-3

Sak 144/19 Fråviksgruppa – Fraviksskjema belysning Fv.570 Hostelandtunnelen

Fråviksgruppa har handsama ovanfor nemnde fråvikssøknad med følgjande avgjerd:

Søknaden gjeld eit forenkla lysanlegg i ein 343 meter lang, rettlinja tunnel. Det er ein del gang- og sykkeltrafikk i tunnelen, og det er ønskje om å forbetre situasjonen.

Det er eg gammal sak, der det tidlegare er blitt sakt nei, fordi dei ikkje oppfyller krava i handbok N500. Det er bekymring for påkøyringsfare.

Av økonomiske årsaker er det ikkje mogeleg å gjennomføre dette tiltaket i samsvar med vegnormalen. Kostnaden med det omsøkte anlegget ligg på 5 % av nytt anlegg, m.a. på grunn av behov for strossing for å få plass til eit fullverdig anlegg. Valet står derfor mellom dette anlegget, eller ikkje noko i det heile.

Det omsøkte anlegget vil utan tvil vere ei stor forbetring, og sjølv om det ikkje er fullverdig, vil det neppe ha negative effektar, t.d. på trafikktryggleiken.

Regionen si avgjerd: *Sjølv om standarden på det omsøkte anlegget er vesentleg lågare enn kravet i vegnormalen, vil det vere ei stor forbetring. Fråviket vert tilrådd under føresetnad av at anlegget vert sikra mot skade ved påkøyring, eller at det vert plassert utanfor køyreboxen, ev. ved at frihøgde vert redusert.*

Det er Hordaland fylkeskommune som er fråviksmyndigheit i SKAL-krav på fylkesvegar. Vegavdelinga lyt ta saka vidare til fylkeskommune for endeleg avgjerd. Fråviksskjema ligg ved saka.